



Hordaland Fylkeskommune - Regionalavd.
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1560 - 14/10523

Saksbehandlar:
Arthur Kleiveland
arthur.kleiveland@radoy.kommune.no

Dato:
26.09.2014

Regional plan attraktive senter - uttale Radøy kommune

Radøy formannskap gav 4.september følgjande uttale til Regional plan for attraktive senter.

FS - vedtak:

Radøy kommune gir følgjande uttale til Regional plan for attraktive senter i Hordaland:

Radøy kommune meiner høyringsdokumentet *Regional plan for attraktive senter i Hordaland* inneheld eit oppdatert kunnskapsgrunnlag når det gjeld tettstadutvikling. Høyringsdokumentet gir på bakgrunn av dette klåre tilrådingar for kva som skal til for å skapa attraktive senter. I så måte vil planen kunne vera retningsgivande for kommunane når dei skal utarbeida lokale planar.

Radøy kommune registrerar at høyringsdokumentet legg opp til å vidareføra tilskot til by- og tettstadutvikling, utan at det er nemnd at midlane skal spissast mot dei regionale sentra. Dette er positivt, og Radøy kommune legg til grunn at dette også vert gjeldande i handsaminga av søknader om tilskot til by- og tettstadutvikling frå kommunane.

Radøy kommune er kjend med at Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014, slår fast følgjande:

- *Utvikle attraktive regionale senter i distrikta, mellom anna ved sterkare konsentrasjon av næringsretta verkemiddel.*
- *Vidareutvikle det regionale verkemiddelapparatet (IN, FMLA, HFK) sitt partnarskap for lokalsamfunnsutvikling, LUK og LivOGLyst, slik at det blir auka fokus på dei regionale sentra.*

For Radøy kommune er det viktig å understreka at kommunane framleis må få tilgang til by- og tettstadutviklingsmidlar til kommunesenter.

Dersom ein skal skapa attraktive senter i kommunane ut frå intensjonane i høyringsdokumentet, er kommunane i stor grad avhengige av eksterne finansieringskjelder som fylkeskommunen og samarbeid med næringslivet. Til dømes kan dette gjelde parkar, miljøgater, gang- og sykkelvegar, gode

parkeringsløyningar, tilrettelegging for arbeidsplassintensive verksemdar, som aukar tettstaden sin attraktivitet og gir ringverknader knytt til næringsutvikling, busetjing og fleire besøkande. Å ekskludera gode prosjekt i kommunane på grunn av manglande status som regionalt senter er ikkje formålstenleg, dersom målet er å skape attraktive senter i Hordaland.

I prioriteringa av midlar til by- og tettstadsutvikling meiner Radøy kommune at det primært er kvaliteten på prosjekt som skal avgjere utfallet i handsaminga. Sekundært bør det vera ei rimeleg fordeling mellom regionane i fylket.

I denne samanheng må også kategoriseringa av senter i Hordaland sjåast. Høyringsdokumentet legg opp til to nye regionale senter; Kleppestø på Askøy og Husnes i Kvinnherad.

Det kan vera gode grunna til å etablera desse som nye sentra, men det vil føra til at Nordhordland med nær 40.000 innbyggjarar berre har eitt regionsenter medan resten av fylket har fleire.

Dersom ein legg opp til ei spissing av midlane inn mot regionale senter, vil dette dermed slå negativt ut for Nordhordland, som allereie ligg etter når det gjeld fordelinga av næringsmidlar (dei tidlegare RUP-midlane), jamfør rapporten *Regionalt utviklingsprogram (RUP) - Tildelinga av midlar 2010-2011*.

Radøy kommune meiner at prinsipp-opplistinga på side 25 og 26 i plandokumentet er for snevre for kva tenester og funksjonar det kan opnast for i noverande kommunesenter. Opplistinga må vera som døme, og ikkje nyttast ekskluderande.

Radøy kommune er usamd i pkt 4.1 på side 31 om maksareal for handelssenter, og me meiner dette er for strenge krav å ta inn i planen. Etter vårt syn kan ei slik arealavgrensing t.d hindra ei naturleg samanføyning av forretningsbygg i kommunesenteret på Manger. Maksareal må vera rådgjevande, og ikkje til hinder for vekst og utvikling uavhengig av definerte handelssenter,- slike tankesett høyrer fortida til.

Med helsing

Arthur Kleiveland
konsulent kultur- og sørvistorget

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Hordaland Fylkeskommune -
Regionalavd.

Postboks 7900 5020

BERGEN